



Dei har konsert på heimebane om ei veke, her er dei klare for øving ikveld

Rykter på bygda om økonomien i Røysterrett for alle er betydeleg overdreve,  
Til dømes vart turen til Nederland dekkja av kvar enkelt, fekk uskedalen.no opplyst over øvinga ikveld.  
Det er i det heile ein sterk dugnadsånd i koret, som kjem til uttrykk under konserten i Helgheim om ei veke. Programmet kjem ikkje berre til å by på eit framifrå musikalsk program, men også servering der medlemmene tek eit tak,  
Soleis skal bassane og tenorane ta med ein pose kaffe og sopranane og altane kake. Sopranane skal også ha ansvar for pyntinga og difor ta med blomar frå hagen-  
Når det gjeld songen lovar Maria Malmsten eit timelangt program stort sett identisk med det koret presenterte i Nederland.og som dei hadde stor suksess med.



[Maria held dampen oppe og har eit flott program for hausten](#)

- Vi kjem til å framføra både nytt og eldre materiale. Ny er til dømes ein bruremarsj som vi presenterte i kyrkja nyleg og som heiter Bruremarsj vid havet, fortel Maria. I eit blanda repertoar vil ein få høyra komposisjonar av både Elton John og Elgar og Frode er sjølvsgagt på plass og viser kor allsidig han er.

Dei 27 songarane startar klokka 19 torsdag 4. juni. Ein ny mann har også slutta seg til koret i det siste. Men før sangen startar vert kaffen trekt!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

